



Absolutt Form - Rolf Hermansen
Bredsgården 2
5003 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/568 - 18/7096

Saksbehandlar:
Silje Haukedal
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:
04.05.2018

Byggesak Gbnr 41/12 Birkeland - uthus/grillhus, veg og rehabilitering av våningshus - mellombels svar

Kommunen syner til søknad datert 13.03.2018, vårt brev datert 23.03.2018 samt dykkar utfyllande søknad datert 18.04.2018.

Kommunen har kontrollert søknaden og tilleggsdokumentasjonen og finn at søknaden fortsatt ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Kommunen finn grunn til å peike på at det er ansvarleg søkjer sitt ansvar å sørgje for at søknaden er komplett og at kommunen allereie har rettleia meir enn det som skal vere nødvendig til ein ansvarleg søkjer. Tilbakemeldinga frå Absolutt Form datert 18.04.2018 gjer at kommunen stiller spørsmål med om føretaket har tilstrekkeleg kompetanse som ansvarleg søkjer.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå arealføremål og byggjeforbod i strandsona. Søknaden om dispensasjon skal vere grunngjeve jf. pbl. § 19-2. I tilleggsmerkjadene skriv dykk at grillhytta tidlegere er godkjent av Radøy kommune. Det stemmer at kommunen har gjeve løyve til grillhytten i vedtak datert 14.04.2009, men det kjem og frem at vedtaket er gyldig i tre år. Dette inneber at grillhytten må byggast og søkast ferdigattest for innan 14.04.2012. Dette har ikkje skjedd og løyve fell derfor bort. Som kommunen har opplyst dykk tidlegere må det sendast inn ny komplett søknad for grillhuset. Rehabilitering av våningshuset og vegen er også søknadspliktig og krev dispensasjon.
2. Næringsgruppekode. Sjølv om bruken er ei anna er bygget i matrikkelen registrert som våningshus. Det er dermed bustad som er korrekt næringsgruppekode for bygget. .
3. Ansvarsrettar: Dykk skriv at tiltaket er tidlegare godkjent. Dette stemmar ikkje, hadde tiltak hatt gyldig løyve hadde ikkje kommunen kravd ny søknad. Se kommentar over. Tiltaka er underlagt krav om ansvar og det er ansvarleg søker sitt ansvar og sørgje for at alle ansvarsområder er belagt med ansvar.
 - Det manglar erklæring om ansvarsrett frå ansvarleg søker

- Ut i frå gjennomføringsplanen har Os kaiservice AS har påtatt seg ansvaret for utføring (UTF) og Bergen og Omland Friluftsråd har påtatt seg ansvar for prosjektering (PRO). Det kjem ikkje fram av gjennomføringsplanen ansvarsområde for prosjektering og utførsle. I erklæring om ansvarsrett frå Os kaiservice AS kjem det fram at de påtar seg ansvar for utføring av grunn og betong arbeid kai og naust, oppføring av naust og utlegging av flytebyggje. Vidare kjem det fram at dette gjeld eigedommen gnr. 93 bnr. 367 i Bergen. Erklæringa av ansvarsrett må dermed vere feil.
- Det ligg vidare med ein kontrollerklæring som gjeld gnr. 22 bnr. 77. Også dette er feil dokument.
- Det ligg ved søknad om ansvarsrett for prosjektering og kontroll for Bergen og Omland Friluftsråd. Søknad om ansvarsrett er eit gammalt skjema som ikkje lenger skal nyttast. Det skal nyttast skjema som heite «erklæring om ansvarsrett». Kva områder det søkast kontroll for er uklart for kommunen.
- Kommunen ber om at det i erklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan særskilt vert gjort greie for kva føretak som har ansvarsrett for PRO og UTF miljøsanering og avfallshandtering.
- Kommunen ber om at det vert erklært ansvar for prosjektering innen følgende ansvarsområder;
 - Arkitektur
 - Veg,- uteareal
 - Oppmåling
 - Miljøsanering
- Kommunen ber om at det vert erklært ansvar for utføring innen følgende ansvarsområder;
 - Innmåling – gjeld veg og grillhytte
 - Veg- og grunnarbeider
 - Tømrerarbeid og montering av trekonstruksjoner
 - Murarbeid – arbeid med skorstein
 - Taktekkingsarbeid
 - Arbeid på bevaringsverdige byggverk
 - Riving og miljøsanering
- Det må sendast inn oppdatert gjennomføringsplan som samsvarer med ansvarsområdene for prosjektering og utførelse.

4. Dato for samsvarserklæring er opplyst å vere 19.03.18 for både PRO og UTF. Kommunen ber avklart om dette er å forstå som at tiltaket er utført utan at det på førehand er prosjektert.

5. Tiltaket har krav til miljøsaneringsbeskrivelse og avfallsplan. Som følgje av at tiltaket er utført før det ligg føre søknad om løyve og godkjenning ber kommunen om å få tilsendt miljøsaneringsbeskrivelse, avfallsplan påført avfallshandtering og dokumentasjon for at miljøfarleg avfall er levert godkjent mottak. Kommunen kan ikkje sjå å ha motteke denne dokumentasjonen, og avfallsplanen er mangelfull. Det er oppført huntonit avfall, men ber om stadfesting på om det her menes eternitt plater.

Frist for retting av mangler er 25.05.18.

Når søknad er komplett vil søknad om dispensasjon vorte sendt på høyring til andre regionale og lokale styresmaktar som har uttalerett.

Radøy kommune som heimelshavar til eigedomen mottar kopi av dette brevet.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Silje Haukedal
Seniorrådgjevar tilsyn/jurist

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergen og Omland Friluftsråd Radøy kommune	Hellebakken 45	5039	Bergen
---	----------------	------	--------

Mottakarar:

Absolutt Form - Rolf Hermansen	Bredsgården 2	5003	BERGEN
--------------------------------	---------------	------	--------